

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

1.juni 2018

Søknad om dispensasjon frå LNFR-føremålet og frå forbod om tiltak langs sjø eller vassdrag i kommuneplanen, for utbygging av VA-anlegg Myr - Høyland.

Innleiing. Eikanger Vassverk org nr 915 641 741 er eit sameige med 62 partar som med dette søker om dispensasjon frå Plb for bygging av vatn- og avløpsanlegg på gardane Myr (gnr 210) og Høyland (gnr 209) slik det er framstilt i innsendt melding om tiltak frå Lindås Rør og Sanitær som ansvarleg søker. Tilsvarande utbygging for delstrekning 1, Eikangerområdet , vart gjennomført i 2015 – 2017 og handsama i byggesak 15/3109 – 15/28689.

Dei fleste eigedomar er alt kjende med tiltaket gjennom informasjonsmøte, som medeigarar i vassverket eller gjennom signerte grunnavtalar. Naboar som fell utanfor desse gruppene har fått levert nabovarsel med med tilhøyrande kvittering, som ligg ved søknaden .

Tiltaket er leidningsnett for vatn og avløp for område Myr – Høyland og omfattar både hovudnett og private greinleidningar . Anlegget skal knytast til eksisterande kommunalt leidningsnett i Eikangervågen og frå Fammestad , og det nye hovudnettet skal etter utbygging i privat regi, over til kommunal eige og drift. Anlegg og organisering er planlagt i nært samarbeid med VA avdelinga i kommunen og tilrettelagt og dimensjonert for å inngå som del av eit større framtidig hovudnett i denne delen av kommunen. Kommunen har gitt tilsagn om slik medverknad i brev 14.6.2014.

Verknader . Verknader for arealbruk til landbruk natur og friluftsliv er små. Produksjon til landbruksføremål vert lite skadelidande . Terrenget vert for det meste tilbakeført til nærma eksisterande utforming. Aktivt jordbruksareal vert kompensert for avlingstap og tilsådd . Enkelte stader får litt betre tilkomst i alle fall ei tidetterpå til skogen igjen overtar kontrollen.

Eikangervassdraget skal ikkje kryssast, men hovudleidningen går nært vassdraget frå kryss med FV 367 Høylandsvegen til Heggernesvatnet over ein avstand på ca 300m. Langs denne strekningen må det

ryddast ein del skog. Landtaket i Heggernesvatnet vert med ei enkel grøft som ligg i eit område med sakteflytande vatn , lite utsett for utgraving av lausmassar.

Både vatn- og avløpsleidingar får ein plassering , materialval og utforming som berre i liten grad vil endra noverande bruk av vatnet, eller påverka plante, fisk eller dyreliv. Leidningsnettlet får ingen utslepp til terreng eller vassdraget.

Det er ikkje kjente kulturminne som vert påverka av tiltaket.

Almenne interesser vert positivt påverka ved at ein oppnår kraftig reduksjon av utslepp , og sikrar tilgang på ein god og problemfri vassforsyning. Det legg og til rette for ei vidare ønskt og styrt utvikling av Eikanger og nærliggjande bygdesamfunn. Reaksjonane på tiltaket er så langt nesten udelt positive.

Vi håpar dispensasjonssøknaden saman med øvrig melding om tiltaket gjev kommunen tilstrekkeleg grunnlag til samordna sakshandsaming og eit snarleg gje løyve til å iverksetja eit tiltak som mange ser fram til med forventning, og er villige til å bruka både tid og økonomisk innsats på.

Eikanger Vassverk org nr 915 641 741

Ivar Eidsheim

styreleiar

adresse: Nedre Eikanger 62, 5913 Eikangervåg

Tel: 91661261 e-post: ivareidsheim@gmail.com

Kopi: Lindås Rør og Sanitær

Styremedlemmer Ekanger vassverk

Vedlegg